



Mjåtveit Næringspark As  
Trollhaugmyra 15  
5353 STRAUME

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/422 - 23/35833

Saksbehandlar:  
Josep Gayrbekov  
josep.gayrbekov@alver.kommune.no

Dato:  
10.05.2023

## Klagen avvises - gbnr 322/281 Mjåtveit

**Administrativt vedtak:**      **Saknr: 480/23**  
**Tiltak:**                              lagerbygg  
**Byggjestad:**                      Gbnr: 322/281  
**Tiltakshavar:**                      Mjåtveit Næringspark As  
**Ansvarleg søkjar:**                Lagerseksjoner As

### VEDTAK:

**Klage datert 02.05.2023 vert avvist med heimel i fvl 33, då klagen er sett fram etter at klagefristen i fvl § 29 er gått ut og det ikkje er grunnlag for å gje oppreising for oversitta klagefrist etter fvl § 31.**

Alver kommune viser til klage datert 02.05.2023 på faktura datert 24.03.2023.

### Vurdering

Klagefristen er tre veker frå det tidspunktet underretning om vedtaket er kome fram til parten, eller frå det tidspunktet parten fekk eller burde ha fått kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningslova § 29.

Alver kommune sin faktura er datert 24.03.2023 og blei sendt ut pr. SvarUt same dag. Klagefristen er 3 veker og gjekk ut den 14.04.2023.

Klagefristen er oversitta med 2 veker og 4 dagar. Klagen er ikkje rettidig.

Det følgjer av fvl § 31 at *«selv om klageren har oversittet klagefristen, kan klagen tas under behandling såfram*

*a) parten eller hans fullmektige ikke kan lastes for å ha oversittet fristen eller for å ha drøyd med klage etterpå, eller*

*b) det av særlige grunner er rimelig at klagen blir prøvd.»*

I vurderinga av om klagen skal realitetshandsamast skal det leggast vekt på om endring av vedtaket kan føra til skade eller ulempe for andre.

Er klagen sett fram meir ein eitt år etter at vedtaket er fatta, kan ikkje klagen realitetshandsamast, jf. fvl § 31 3.ledd.

Kommunen kan ikkje sjå at det føreligg særlege grunnar for at klagen blir prøvd. Det kommer ikkje frem nye opplysningar i klagen som ikkje var kjent under sakshandsaminga. Søkjar ynskjer ein reduksjon av gebyret da søkjar meiner at gebyret blir urimeleg høgt dersom ein legg til tenkt plan. I følge gebyrregulativ for 2023 pkt. 12-02 kommer det eit arealtillegg for næringsbygg over 1000m<sup>2</sup> på kr 33 pr. kvadratmeter. I merknaden er det presisert at dette gjelder for «bruksareal». I følge definisjonen i TEK17 § 5-2(2)(a) inkluderer bruksareal både faktisk plan og tenkt plan. Når regulativet ikkje gjer unntak for tenkt plan i sine satsar kan en ikkje sjå at det er grunn for å redusere gebyret. Spesielt for næringsdrivande kan regelen føre til høge gebyr, men dette er ikkje upårekneleg.

### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 5-3, 3.ledd og gjeldande delegeringsreglement.

### **Klagerett**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl) § 2 3.ledd. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med vennleg helsing  
Alver kommune

Are Frøysland Grande  
Avdelingsleiar

Josep Gayrbekov  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Mjåtveit Næringspark As

Trollhaugmyra 5353  
15

STRAUME